

Finn Roger Vågsæter
Helseklubben 10
6200 STRANDA

SAKSBEHANDLER: LINN MYRVOLD - VÅR REF: 2015/166 - DATO: 29.01.2015

GEIRANGER-HERDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE- LØYVE TIL HELIKOPTERTRANSPORT TIL SKRENAKKEN I NORDDAL KOMMUNE

Vi viser til søknad datert 6. jan. 2015

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen handsama søknaden pr. e-post 27. jan 2015.

Verneområdestyret gjorde følgende vedtak

Verneområdestyret gir med dette Finn Roger Vågsæter løyve til å bruke helikopter for å transportere materialar til vedlikehaldsarbeid på fjellgarden Skrenakken. Løyva er gitt i medhald av forskrift om vern for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 f. Det er gitt løyve til seks turar (tur/retur) i løpet av 2015. Personar kan takast med i transporten så lengje det ikkje fører til fleire turar.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vilkår

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyva er knytt til Finn Roger Vågsæter som er ansvarleg for at vilkåra overhaldas.
- Talet av helikopterlandingar lyt avgrensas til det minimale og ikkje overskride seks landingar i løpet av 2015 i tidsrommet januar-mars og eller/ juni-desember.
- Når helikopterlanding gjennomførast skal det gis beskjed til verneområdeforvaltar.
- Transporten skal utføres på en kvardag av omsyn til andre som er til stades i området slik at forstyrringa blir minst mogeleg.
- Innflyging og utflyging skal skje langs aksen sørvest-nordaust.
- Dispensasjon må tas med ved gjennomføring av tiltaket og vises på forespurnad.

Forholdet til anna lovverk

Innehavar av denne dispensasjonen må sjå til at køyringa følgjer andre lover og forskrifter som regulerer motorferdsel i utmark.

Klagerett

Dette vedtaket kan i samsvar med § 28 i forvaltningsloven påklagast av ein part eller andre med rettslig klageinteresse. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Klaga bør grunngjevast.

Med helsing

Linn Laurent Myrvold
Verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Saksframlegg

Kopi med vedlegg:

Miljødirektoratet
Statens naturoppsyn
Norrdal kommune
Statens naturoppsyn Geiranger
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Postboks 5672 Sluppen
Postboks 5672 Sluppen
Pb 144
Norsk fjordsenter
Fylkeshuset

7485 TRONDHEIM
7485 TRONDHEIM
6211 VALLDAL
6216 GEIRANGER
6404 Molde

